

Referat Sokneråd 4. September 2025

Til stede: Heine, Fridleif, Runar (til orientering), Tormod, Marit, Ida og Bjarne

Referent: Bjarne

Vedtak og kommentarer i blått. Grønna ut tekst der forslag til vedtak vart godkjent.

Heine orienterer om sin situasjon.

2025/28 Utlysning av stillingen til Fridleif. Vedtak gjort i AU.

I samråd med prosten har AU godkjent å bruke utgangspunkt i samme utlysningstekst som då det vart utlyst og ansatt Fridleif.

2025/29 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Forslag til vedtak: **Godkjent.**

2025/30 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 15.05 2025

Forslag til vedtak: **Godkjent.**

Ida løfter bekymring for at hausttakkefest ikkje er i planen hausten 2025. SR noterer seg at hausttakkefest må med i programmet for 2026.

2025/31 Spesialprest med fokus på ungdommar og studentar

Saksutgreiing: Runar Larsen kjem og fortell om stillinga si og kva tankar han har om arbeidet i Nysæter.

Forslag til vedtak: **Soknerådet tek informasjonen til vitande.**

2025/32 Spørsmål fra prosten om ungdomsår

Saksutgreiing:

1) Kva gjer vi for ungdom? – dele gode historier frå kyrkjelydane i Sunnhordland

Leksehjelp

Katalyma og -gudstjeneste (øvre sjikt av ungdom)

KRIK

Mat og prat (øvre sjikt av ungdom)

2) Kva kan vi gjere for ungdom i vår kyrkjelyd?

Ungdomsråd, legge til rette for

MILK

Drøfte med Lykling om ungdomen sjølv kan koma med forslag

Gjere det same med babysong- og andre unge foreldre

3) Kan ungdom utfordrast til å vere med på det tiltaket/gudstenesta vi allereie planlegg å gjennomføre?

Det jobbes med strategiplan der dette er med.

Forslag til vedtak: Soknerådet svarer på spørsmåla.

2025/33 Basar 18.oktober

Saksutgreiing: Heine fortel om basaren og kva oppgåver som skal fordelast. Han har òg med lister for dei som vil selje lodd.

Loddsal-listene bør justerast slik at dei som er heime på dagtid tek dagtid vaktene, slik at dei som er på jobb då kan ta kveldsvaktene.

Kakekommite må komplementerast med ein person.

Arbeidslistar kjem.

Medlemmer i SR oppmodast om å svara raskt når mail kjem.

2025/34 Ny kyrkjeverje. Kva er viktig for soknerådet? Vedlegg 1

Saksutgreiing: Soknerådet har fått mulighet til å uttale seg om kva som er viktig for oss i forhold til utlysning etter ny kyrkjeverje.

Forslag til vedtak: Soknerådet vert enig om kva som er viktigst og sender svaret til Liv Kari.

Mykje er lagt på førehand (føringar). Personell, økonomi og forvaltning av byggmasse vert nemnd. SR har diskutert saken og har tiltru til utvida AU og tilsetjingsorganet. LKB får referat før 8/9.

2025/35 Avslutning Fridleif

Saksutgreiing: 14.september vert det avskjedsgudsteneste for Fridleif.

Forslag til vedtak: Soknerådet planlegg kyrjekaffi med avskjedsfest etter gudstenesta.

SR har fordelt bake/skaffe ansvar. Reknar med høgt oppmøte grunna 4-års bok. Heine sjekker med LKB om info til aviser.

2025/36 AU ønsker eit ekstra medlem

Saksutgreiing: Grunna helsesituasjon og utskiftning av prest ønsker AU at det vert oppnevnt eit ekstra medlem for stabilitet.

Forslag til Vedtak: Soknerådet vel eit medlem til å vere med i AU framover.

Det er orientert om situasjonen. Saken bør sjåast i samanheng med val av ny leiar. Begge sakene legges på sakliste til møte 13/10, og kandidatar for dette og ny leiar melder frå til leiar før neste møtet.

2025/37 Tilseting av ny prest

Saksutgreiing: Soknerådet får ha eit medlem i tilsetingsrådet. Soknerådet får komme med uttale frist 15.oktober.

Forslag til Vedtak: Soknerådet vel Sigrid til tilsetingsrådet. Soknerådet set opp eit ekstra soknerådsmøte mandag 13.oktober kl.19.00.

Ekstra: Lys våken 8-9 nov.

Har me prest? Komite og POC? Tormod setter komite og er kontaktperson.